

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Randi Nisja Heskestad
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2024 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS – framdriftsplan og innspel frå styret**

ARKIVSAK: 2023/669
STYRESAK: 123/23

STYREMØTE: 06.12.2023

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret ber om at innspela til styringsdokumenta til helseføretaka i Helse Vest og Helse Vest IKT AS for 2024 blir tatt til følge i den vidare prosessen fram mot endeleg styrebehandling den 13. februar 2024.

Oppsummering


Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS for 2024 vil bli lagt fram for endeleg behandling i styremøte den 13. februar 2024. I denne saka blir overordna framdriftsplan og utkast til kapittelinndeling presentert.

Styret gir eventuelle innspel til tema/oppdrag som bør løftast fram i styringsbodskapet til helseføretaka.

Fakta

Helse Vest RHF mottar styringsbodskap for 2024 frå Helse- og omsorgsdepartementet i føretaksmøte 16. januar 2024. Krav og rammer for året blir formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet.

Følgande framdrift er lagt til grunn for arbeidet med styringsdokumenta:



Det blir utarbeidd like styringsdokument til Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Førde HF og Helse Stavanger HF. Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS får eigne styringsdokument tilpassa deira verksemd.

Styringsdokumenta vil i utgangspunktet bli utarbeidd etter same mal som i 2023. Nedst i denne saka ligg førebels utkast til kapittelinndeling. Merk at det kan komme endringar i denne, i tråd med korleis oppbygninga av oppdragsdokument og føretaksprotokoll vil sjå ut.

Kommentarar

Bodskap i statsbudsjettet

I statsbudsjettet blir dei tre hovudmåla for spesialisthelsetenesta vidareført:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Tenester innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) er blant temaa som blir løfta fram som sentrale i statsbudsjettet; mellom anna vil det leggst fram ei stortingsmelding om ein førebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet i 2024. Av andre tema som blir lagt vekt på kan nemnast vidareføring og forsterking av arbeidet med heiltidskultur, og arbeidet for å sikre at personellet får brukt både tida og kompetansen sin riktig. Regjeringa vil legge fram ei ny stortingsmelding om prioritering i 2024, og i Nasjonal helse- og samhandlingsplan vil mellom anna dei nasjonale rammene og føringane for arbeidet knytt til pasientsikkerheit i helseplanperioden bli lagt fram. Ein peiker på at forskningsbasert kunnskap, pasient- og pårørandeerfaringar, kvalitetsmålingar og lærdom frå uønska hendingar skal brukast aktivt i arbeidet med implementering, kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit og for å redusere uønska variasjon.

Avdelingane i Helse Vest RHF utarbeider som tidlegare år nokre eigne oppdrag som vil bli tilpassa det overordna styringsbodskapet ein får frå Helse- og omsorgsdepartementet. Tema som vil vere aktuelle for desse oppdraga er mellom anna vidare arbeid knytt til Topp 5 risiko og oppdrag knytt til psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB). Tal styringsmål og oppdrag til spesialisthelsetenesta frå Helse- og omsorgsdepartementet gjennom oppdragsdokument, protokoll frå føretaksmøte og eventuelle tilleggskokument er høgt. Ein vil difor søkje å balansere eigne styringskrav til helseføretaka opp mot dette.

Regionalt brukarutval (RBU) har fått høve til å komme med innspel til tema/oppdrag som RBU meiner bør løftast fram i styringsbodskapet til helseføretaka i styringsdokument 2024. Innspela frå RBU går fram av vedlegg 1.

Utkast til kapittelinnndeling for styringsdokument 2024

Tabell 1 Tentativ oppbygning av styringsdokumentet – merk at endeleg inndeling er ikkje klart før etter føretaksmøtet 16. januar 2024

Kap.	Overskrifter	Kommentarar
1	<i>Innleiing</i>	Her står det overordna om styringskrav og om oppfølging av strategien Helse 2035, topp 5 risiko, og ein første presentasjon av dei tre overordna måla som blir konkretisert i kapittel 2-4.
2	<i>Hovudmål 1: Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling Ventetider somatikk</i>	Kjelder: Oppdragsdokument 2024, føretaksprotokoll, eigne styringskrav.
3	<i>Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik</i>	Kjelder: Oppdragsdokument 2024, føretaksprotokoll, eigne styringskrav.
4	<i>Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp</i>	Kjelder: Oppdragsdokument 2024, føretaksprotokoll, eigne styringskrav.
5	<i>IKT-utvikling og digitalisering</i>	
6	<i>Bemanning, leiing og organisasjon</i>	
7	<i>Andre oppdrag</i>	
8	<i>Oppfølging av planar og tilsyn</i>	
9	<i>Tildeling av middel og krav til aktivitet</i>	Frå føretaksprotokollen + ev. eigne styringskrav
10	<i>Oppfølging og rapportering</i>	
Vedlegg		Vedlegg: <i>Vedlegg 1: Indikatorar 2024. Datakjelder (vedlegg til Oppdragsdokument)</i> <i>Vedlegg 2: Oversikt over regionale planar og fagnettverk i føretaksgruppa Helse Vest, og nasjonale forskingsnettverk i Helse Vest</i>

Vedlegg:

1. Innspel frå RBU til tema i styringsdokument 2024